

Følggebrev til forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll etter forureiningsregelverket, Stranda kommune, Møre og Romsdal fylke

Stranda kommune legg med dette framlegget forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll etter forureiningsregelverket ut på høyring. Frist for innsending av utsegner er satt til **24. august 2026**. Høyringsvar kan sendast til **post@stranda.kommune.no**, eller til Stranda kommune, Øyna 13, 6200 Stranda.

1 Formål og verkeområdet til forskrifta

Forskrifta har som formål å gje kommunen heimel til å dekke kostnadane kommunen har ved sakshandsaming, tilsyn og kontroll som forureiningsmynde etter forurensningsloven, forurensningsforskriften, forskrift om kommunens myndighet etter forurensningsloven og forskrift om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger.

Forskrifta omfattar forhold der kommunen er myndeutøvar etter kapitla 2, 7, 12, 13, 15 og 15A i forurensningsforskriften, i forskrift om kommunens myndighet etter forurensningsloven § 6 bokstav a og i forskrift om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger. Kommunen skal òg føre tilsyn med at føresegner og vedtak som er fatta, følgjast.

Forskrifta omfattar gebyr for sakshandsaming, tilsyn og kontroll med:

- Opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid.
- Lokal luftkvalitet.
- Utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter og liknande.
- Utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbygd område.
- Utslepp/påslepp av oljehaldig vatn.
- Påslepp av feitthaldig vatn.
- Forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar.
- Besitter av næringsavfall.

2 Sentrale føresegner om gebyr og sjølvkostrekning

Ny kommunelov § 15-1 seier at samla sjølvkost for ei teneste skal svare til meirkostnaden ved å yte tenesta. Forurensningsforskriften §§ 2-12, 7-3 og 11-4 seier at gebyra setjast slik at dei samla ikkje overstig kostnadane kommunen har ved sakshandsaminga eller kontrollordninga, jf. forurensningsloven § 52a. Ramma for gebyra må fastsetjast i kommunal forskrift.

Gebyra kan finansiere alle naudsynte kostnader tilknytt gebyrområdet, mellom anna:

- Lønnskostnadar til tilsette som jobbar med tilsyn- og kontrollordninga
- Lønnskostnadar til tilsette som arbeider med sakshandsaming av nye utslepps- og endringsløyve
- Naudsynte lisensar/programvare
- Analysekostnadar
- Kurs/opplæring
- Køyretøy. Kjøp eller leasing av køyretøy som kan brukast til tilsynsordninga
- Arbeidsklede, og anna naudsynt utstyr

Ved utrekning av sjølvkost skal forskrift for utrekning av sjølvkost leggjast til grunn. Over- eller underskot i det enkelte år skal avsetjast eller trekkast frå bundne driftsfond. Avsett overskot frå det enkelte år blir ført tilbake til abonnentane i form av lågare årleg gebyr i løpet av ein periode på fem år. Tilsvarande vil underskot bli dekkja inn over årlege gebyr i løpet av ein periode på fem år. Gebyra kan ikkje brukast til å finansiere andre delar av drifta til kommunen.

3 Lokal gebyrforskrift

Stranda kommune har fram til no ikkje hatt ei gebyrforskrift som dekkjer det arbeidet kommunen er pålagt å gjere i samband med å vere forureiningsmynde. Frå 2027 ynskjer kommunen å sikre finansiering av sakshandsaminga og kontrollen/tilsynet dei fører, og har difor utarbeidd denne lokale gebyrforskrifta.

4 Gebyr i ny forskrift

I den nye forskrifta omhandlar §§ 1-3 til 1-10 generelle føresegner og overordna reglar som gjeld kapittel 2 til 9 i forskrifta.

I gebyrforskrifta har kapittel 2 og kapittel 4 til 7 ei todelt inndeling. Det vil seie at tiltakshavar betalar både gebyr for sakshandsaming og gebyr for kontroll/tilsyn. Gebyret for sakshandsaming er eit eingongsgebyr. I kapittel 4, 5, 6 og 7 vil eigar av anlegg måtte betale årleg gebyr for kontroll/tilsyn. I kapittel 2, 3, 8 og 9 er gebyret for kontroll/tilsyn eit eingongsgebyr.

Kommunen har høve til å ta eit årleg gebyr for kontroll og tilsyn for å dekke kostnaden dei har som forureiningsmynde etter forurensningsforskriften kapittel 12, 13, 15 og 15A. Kommunen har høve til å krevje dette gebyret årleg, sjølv om tilsyn og kontroll gjennomførast sjeldnare enn kvart år. Dette er i tråd med rettleiaren til forurensningsforskriften § 11-4¹ som er utarbeidd av Miljødirektoratet.

Gebyrplikta opphevast anten ved at kommunen tek imot skriftleg dokumentasjon frå godkjend rørleggjear om at vassforsyninga er kopla frå, eller at krav om utslepps-/påseppsløyve ikkje lenger gjeld.

I § 1-8 opnar forskrifta for at kommunen kan fakturere eit tilleggsgebyr for søknadar som er mangelfull. På denne måten kan kommune dekke meirarbeidet med mellom anna å innhente naudsynte opplysningar for sakshandsaminga.

For rekne ut gebyrsatsar gjerast eit overslag over kva samla årlege kostnader for området kjem til å vere, samt kva éin sakshandsamingstime kostar når leing, vare- og tenestekjøp og fordelte administrasjonskostnader er rekna med. Utrekningane dannar grunnlag for gebyrsatsane som kjem fram av det årlege gebyrregulativet. For kvart gebyr er det estimert kor mange sakshandsamings- og/eller tilsynstimar som kommunen brukar i gjennomsnitt.

Storleiken på dei årlege kontrollgebyra avheng mellom anna av:

- Kor mange anlegg som skal gebyrleggast
- Gjennomsnittleg tidsbruk pr. tilsyn
- Kor mange anlegg forventast det med avvik
- Kor mykje ressursar kommunen ønskjer å belaste gebyrområdet med
- Kor ofte anlegga skal kontrollerast

¹ <https://www.miljodirektoratet.no/regelverk/forskrifter/forurensningsforskriften/avlop-kommentarer/>

Gebyrsatsane for 2027 vert utrekna i løpet av hausten 2026. Dei konkrete satsane vil difor ikkje være kjende før budsjettarbeidet er slutført og budsjettsaka er lagt fram for kommunestyret.

4.1 Gebyr for sakshandsaming og kontroll med opprydding i forureina grun ved bygge- og gravearbeid

Kapittel 2 i forskrifta omhandlar gebyr for sakshandsaming og kontroll med opprydding i forureina grun ved bygge- og gravearbeid. Gebyra består av eit eingongsgebyr for sakshandsaming og kontroll ved søknad om godkjenning av tiltaksplan.

Forskrifta opnar for at kontrollgebyret kan differensierast etter risiko for skade på helse og miljø.

4.2 Gebyr for sakshandsaming og kontroll med lokal luftkvalitet

Kapittel 3 i forskrifta omhandlar gebyr for sakshandsaming og kontroll med lokal luftkvalitet. Gebyra består av eit eingongsgebyr for sakshandsaming og kontroll med lokal luftkvalitet.

4.3 Gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp av sanitært avløpsvatn

Kapittel 4 i forskrifta er knytt til kapittel 12 i forurensningsforskriften, som har ei øvre grense på 50 personekvivalentar (pe). Kapittelet omhandlar gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp av sanitært avløpsvatn. Dette gjeld typisk slamavskiljar, minireinseanlegg mv. for eigedomar som ikkje er kopla til kommunen sitt avløpsnett.

Det er føreslått eit sakshandsamingsgebyr for nye søknadar om utsleppsløyve og eit gebyr for søknad om endring av eksisterande utsleppsløyve. For søknadar om utsleppsløyve skiljast det mellom søknadar med samla utslepp mindre enn 15 pe og søknadar som gjeld utslepp frå og med 15 og mindre enn 50 pe.

Kontrollgebyret er føreslått likt for alle anlegg og er eit årleg gebyr som skal finansiere kommunen sin løypande kontroll og oppfølging av leverandørrapportar, rapporterte avvik og fysisk tilsyn mv.

4.4 Gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbygde område

Kapittel 5 er knytt til kapittel 13 i forurensningsforskriften, som gjeld samla utslepp frå og med 50 pe og mindre enn enten 2000 pe, dersom utslepp til ferskvatn eller elvemunning og 10 000 pe dersom utslepp til sjø. Kapittelet omhandlar gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbygde område. Dette gjeld mindre kommunale reinseanlegg. Her er kommunen forureiningsmynde for kommunen sjølv.

Det er føreslått eit sakshandsamingsgebyr for nye søknadar om utsleppsløyve og eit gebyr for søknad om endring av eksisterande utsleppsløyve. For søknadar om utsleppsløyve skiljast det mellom søknadar med samla utslepp mindre enn 150 pe og søknadar som gjeld utslepp frå og med 150 pe.

Kontrollgebyret er føreslått differensiert i to kategoriar; med samla utslepp mindre enn 150 pe og søknadar som gjeld utslepp frå og med 150 pe. Kontrollgebyret er eit årleg gebyr og fakturerast per anlegg.

4.5 Gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn

Kapittel 6 omhandlar gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn. I sentral forskrift er det lista opp kva for anlegg som omfattast av pålegg om sakshandsaming og kontroll, bl.a. bensinstasjonar, vaskehallar og motorverkstader.

Gebyra består av eit eingongsgebyr for sakshandsaming av søknad om løyve til utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn, og eit årleg kontrollgebyr per anlegg. I tilfelle der det blir søkt om endring av utslepp-/påsleppssløyve, kjem det til eit eget, særskilt sakshandsamingsgebyr.

4.6 Gebyr for sakshandsaming og kontroll av feithaldig avløpsvatn

Kapittel 7 i forskrifta omhandlar gebyr for sakshandsaming og kontroll av feithaldig avløpsvatn frå verksemdar. Næringsmiddelprodusentar, restaurantar og liknande er typiske verksemdar som omfattast av denne føreseigna.

Gebyra består av eit eingongsgebyr for sakshandsaming av søknad om løyve til påslepp av feithaldig avløpsvatn frå verksemdar og eit årleg kontrollgebyr per feittutskiljar. I tilfelle der det blir søkt om endring av utslepp-/påsleppssløyve, kjem det til eit eget, særskilt sakshandsamingsgebyr.

4.7 Gebyr for tilsyn med forbod mot fyring med mineralolje

Kapittel 8 omhandlar gebyr for kommunens tilsynsplikt i samband med forbodet mot fyring med mineralolje etter forskrift om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar. Det er ikkje lenger tillat å bruke mineralolje til oppvarming av bygningar, med mindre Norges vassdrags- og energidirektorat har fatta vedtak. Det er kommunen si oppgåve å føre tilsyn med at føreseigna i forskrifta følgjast.

Det skal betalast eit eingongsgebyr ved tilsyn. Det er ikkje lenger høve til å søkje om ny løyve eller endring av eksisterande løyve.

4.8 Gebyr for tilsyn med besitter av næringsavfall

Kapittel 9 omhandlar gebyr for kommunens arbeid med tilsyn i samband med besitter av næringsavfall etter forskrift om kommunens myndighet etter forurensningsloven § 6 bokstav a. Kommunen har myndigheit til å føre tilsyn med at besitter av næringsavfall som ikkje i art eller mengde skil seg vesentleg frå hushaldningsavfall handterer dette forsvarleg.

Det skal betalast eit eingongsgebyr ved tilsyn.

Eingongsgebyret vert belasta eigar.

5 Arbeidsgruppa

Framlegg til forskrift om gebyr for sakshandsaming, kontroll og tilsyn etter forureiningsregelverket er utarbeida av representantar frå Stranda kommune. Momentum by Visma har vore sparringspartnar.

Målsettinga med arbeidet har vore å lage ei forskrift som er **rettferdig, tydeleg og fleksibel**.

Rettferdig: Gebyra skal speile kostnadene knytt til dei ulike tiltakshavarane og eigarane av anlegg/feittutskiljarar best mogleg.

Tydeleg: Forskrifta skal være lett å lese og handheve med klårt og forståeleg språk utan uklare, eller vanskelege formuleringar.

Fleksibel: Forskrifta viser til årlege kommunestyrevedtak når det gjeld storleiken på gebyra.

Stranda kommune ser fram til høyringssvar.